



Direktoratet for byggkvalitet

Arkivsakid-doknr: 18/296-38
Journalpostid: 22/13171

Saksh: Anders Vatle
Telefon:

Arkivkode: K2-K03
Dato: 12.01.2023

Fråsegn til endring i byggt teknisk forskrift §§ 7-2 og 7-4 Ref. 22/7801

Eidfjord kommune mottok 25.11.22 høyringsbrev frå Direktoratet for byggkvalitet (DIBK) med forslag til endringar i byggt teknisk forskrift (TEK17) under kapittel 7 krav til sikkerheit mot flaum og skred. Høyringsnotatet tek føre seg endringar i §§ 7-2 og 7-4.

Endringsforslaget

Endringa i §7-2 gjev opning for etablering av storulukkeverksemdar i flaumutsette områder. Det er også føreslått å avgrensa forbodet mot bygningar som er avgjerande for nasjonal eller regional beredskap, og opna for at kravet kan oppfyllest gjennom sikringstiltak.

Me kjem vidare ikkje til å kommentera endringa i §7-2 då den i liten grad angår kommunen på noverande tidspunkt.

Endringa i §7-4 opna for å utvida unntaksbestemmelsen slik at bygging i fareområder med direktetreff av faste massar vil vera mogleg. Ved utbygging i fareområder vert det sett krav om avklaring av bygginga i arealplan og eit godt beredskapssystem.

Utbygginga skal vera avklart i arealplan. Det skal i arbeidet sannsynleggjerast at det ikkje finns andre sikre byggjeareal og at utbygginga er av samfunnsmessig betydning. Fysiske sikringstiltak skal vera utgreidd og gjennomført.

Personsikkerheita skal ivaretakast av beredskapssystem basert på sanntid eller periodisk overvaking, varsling og evakuering. Varslingstida skal vera over 72 timer, og evakuering skal skje på maksimum 12 timer.

For fareområder med sannsyn 1/5000 eller mindre kor det føreligg ein vedteken reguleringsplan, opnar endringa for at faresonekartlegginga kan inkluderast i plandokumenta gjennom ein forenkla planprosess. I slike tilfeller skal det utarbeidast ein risiko- og sårbarheitsanalyse kor det utredast at det ikkje finns alternative sikre byggjeareal og at utbygginga er av samfunnsmessig betydning. Fysiske sikringstiltak



skal vera utgreidd og gjennomført, samt skal det vera utarbeid beredskapsplan for området.

Tussafoten (13 mill. m³), Eidfjord kommune

Eidfjord kommune har om lag 1000 innbyggjare og ligg inst i Hardangerfjorden i Vestland fylke. Kommunen strekk seg frå djupe fjordarmar til høge fjellplatå. Kommunen har eit totalt areal på 1500 km², der over 90% ligg over 900 moh.. Området byr på spektakulær, frodig natur med bratte fjellsider og langstrakte vidder.

Me har store verneområder i kommunen, heile 60% av kommunens areal er verna i medhald til naturvernlova. Det er gjort betydelege funn av kulturminne som legg band på arealbruken i kommunen, ytterlegare 15% er bandlagt av lov om kulturminne, kulturmiljø og/eller omsynssone til desse. Me har aktsemdssoner for skred langs kvar fjellsida, generelt byggeforbod i strandsona og restriksjonar knytt til elvelaup. Eidfjord har i ljos av dette ikkje mykje areal att som kan nyttast til vidareutvikling av bygda med bustader og arbeidsplassar.

Kjem ein frå vest møter ein kommunesenteret Eidfjord, vegen går vidare gjennom eit par tunnelar langs Eidfjordvatnet. Ut av tunnelen openbara seg eit flatt og frodig område, med høge og bratte fjellsider på nærmast alle kantar. Bøane i Øvre Eidfjord ender i Eidfjordvatnet, som skiljer mellom Eidfjord og Øvre Eidfjord. Dei langstrakte markene og steingardane vitnar om jordbruksdrift i generasjonar, som enno er oppretthalden. På bøane beita kyr, sauer og det produserast gras.

Bebyggelsen i kommunen er hovudsakleg fordelt på Eidfjord og Øvre Eidfjord. Rundt kommunesenteret i Eidfjord ligg bustadane tett, med barnehage, skule, aldersheim, daglegvare og anna tenesteyting i nærleiken. Øvre Eidfjord er ein kort køyretur unna. Her er det registrert 137 bustadhus. Ein rekna at det bur 300 menneskjer i området, cirka ein tredjedel av den totale befolkninga i Eidfjord. I turistsesongen er samtlege fira campingplassar fullteikna, godt belegg på dei to pensjonata, i tillegg til godt besøk på Norsk natursenter. I sesong rekna ein rundt 1500 vitjande og buande i Øvre Eidfjord på ein og same tid.

Nord for Øvre Eidfjord ruvar Tussafoten, eit ustabil fjellparti på 13 millionar kubikkmeter. Skredet er delt i eit A og B scenario. A-scenarioet omfatta heile det ustabile området (13 mill m³), og har eit årleg sannsyn på 1/500. B-scenarioet omfattar den austlege delen (6 mill m³) og har eit årleg sannsyn på 1/200. Eit fjellskred vil råka mest heile Øvre Eidfjord gjennom direktetreff av faste massar, samt vil skredet gje ei auka vassføring nedstraums Eio til Eidfjord.

Tussafoten er klassifisert som eit høgrisikoobjekt med store mengder rasmassar som vil treffa infrastruktur, bustader og næring. Objektet har vore overvaka av NVE sidan 2017. I 2021 vart arbeidet med døgnkontinuerleg overvaking starta. Haust 2022 har NVE fullført arbeidet for å få ei sikker og redundant sanntids overvaking.

Gjeldande lovverk og situasjon

I Noreg er det per 2022 registrert 300 ustabile fjellparti. Gjeldande regelverk for flaum og fjellskred med unntaksbestemmelsen §7-4 for flodbylgja i TEK17 vert vedteke i samband med då nyleg kartlagt høg flodbylgjefare i Storfjorden i 2009. I etterkant av dette har kartlegginga av flodbylgja og fjellskred auka landet over. Noverandre

regelverk er skreddersydd til å passa situasjonen knytt til Storfjorden. Nye kartleggingar passar difor ikkje i forma, dette gjev utfordringar. Områder med direktetreff av massar underligg med gjeldande regeleverk strengere restriksjonar på utvikling, samanlikna med områder råka av sekundærverknader frå skred.

Erfaringar frå Noreg og andre lavseismiske områder syner at fjellskreda utviklar seg i lange forstadier der fjellpartia gjennomgår sakte bevegingar over fleire tiår, århundrer eller årtusner før massane kjem ned. Slik regelverket føreligg, er vidare utvikling av Øvre Eidfjord bandlagt av faresonene frå Tussafoten. I store delar av Øvre Eidfjord har me med gjeldande regelverk ikkje lov å byggja anna enn garasjar og uthus utan personopphald. Dette gjev store begresningar for dei 300 bebuarane, og vidare utvikling og rekrutering av nye innbyggjarar. Regelverket er utfordrande å finna fornuftig, då tidsperspektiv på utrasing strekker seg over ein lang tidshorisont. I ein kost-nyttevurdering bør usikkerheita knytt til tidsperspektiv vektleggast.

Betydninga av endring for Eidfjord

Føreslått endring i TEK17 §7-4 opnar for utbygging i fareutsette områder på visse vilkår. Endringa er ei viktig brikka for å oppretthalda aktivitet og utvikling i fjord-Noreg.

Kommunal planlegging skal ha ein romsleg tidshorisont. Plan- og bygningslova kapittel 11 legg føringar for kommunal planlegging. Eit av føremåla til kommuneplanen sin arealdel er å syna samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Lovendringa stettar tanken om ei overordna avklaring kor ulike areal for utbygging vert vurdert.

Kommunen har gjennom krav i plan- og bygningslova §4-3 ansvar for å sørga for at risiko- og sårbarheit for planområdet er utgreidd. Dette heng saman med sivilbeskyttelseslova som har føremål å beskytta liv, helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur. Kommunen har etter §14 plikt til å kartleggja moglege uynskte hendingar som kan treffa kommunen. Vidare syner §15 at kommunen skal ha utarbeida beredskapsplan som forlenging av risikoen i §14. Kommunen har eit overordna ansvar for at samfunnet utviklast på ein trygg måte.

For Eidfjord kommune gjev endringa i TEK17 moglegheit for å utnytta ein viktig del av bygda, sjølv om me er råka av faresona frå Tussafoten. Utan endring i regelverket vil livsnerva i Øvre Eidfjord få ein knekk. Dette vil gje konsekvensar for næring og busetnad i bygda. Departementet peikar sjølv i høyringsnotatet fleire gonger på knappheit på områder som ikkje er utsett for naturfare. Dei peikar på at det å ikkje gjera endringar i lova, kan medføra betydelege samfunnsøkonomiske kostnader, både på kort og lang sikt. Eidfjord er eit tydeleg døme på denne problemstillinga med faresoner, verneområder og omsynssoner om kvarandre.

Departementet gjer fleire viktige vurderingar i høyringsnotatet som er naudsynt for å ikkje leggja lokk på utviklinga i fjord-Noreg. Kommunen meiner at krava stilt i endringa knytt til avklaring i arealplan, krav om beredskapssystem og ei enklare løysing for vedtekne reguleringsplanar gjennom mindre endring med naudsynt utgreiing er fornuftig. Eidfjord kommune støttar endringa i TEK17 §§ 7-2 og 7-4 slik den føreligg.

Med venleg helsing

Eidfjord kommune

Anders Vatile
Ordfører

Kopi til:

Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Kommunal- og Distriktsdepartementet	Postboks 8112 DEP	0032	OSLO
Kåfjord kommune	Postboks 74	9148	OLDERDALEN
Sentraladministrasjon Rauma kommune	Vollan 8A	6300	ÅNDALSNES

Kopi til arkiv og kopibok